



# Årsmelding 2009

## Styret

Styret har i 2009 vore samansett av Rasmus Flore (leiar), Jarle Tvinnereim (nestleiar), Tore Saur (kasserar), Andreas Solvik (innkjøpssjef kjøkken) og Per Øen (sekretær). Vi har siste året hatt 8 styremøter og handsama 55 saker. Medlemstalet per dags dato er 119.

## Anlegg

Det har vore utført nødvendig vedlikehald på bana, som støvsuging av skivestativ og kjøpt nye fram og bakskjermar på skivestativa. Vi har og utvida parkeringsplassen og planert der vi hogg vekk furene i fjor. Gjorde og eit forsøk på å fjerne mose frå taket på paviljongen. Dette viste seg å vere vanskelegare enn vi trudde, så dette får vi ta igjen ved eit seinare høve. Vi hadde og eit lynnedslag i dataanlegget rett før Olsokstemnet med skade for over kr. 30.000,-. Vi reknar med at mesteparten av dette blir dekkja av forsikringa.

## Arrangement/aktivitet

2009 har, som andre år, vore eit år med stor aktivitet på bana. Vi har hatt fleire arrangement som bingo, jegercup, skytingens dag, vårstemne, Olsokstemne, Toyota-cup finale, samlagsmeisterskap skogløp med skyting og stor aktivitet på jegerprøver.

I år hadde laget miniatyrskyting på den nye miniatyrbana i Hornindal, eit flott anlegg som vart feira med opningsfest, der styret i Markane Skyttarlag var inviterte. Formannen overrekte gåve frå Markane Skyttarlag. Miniatyrsesongen vart avslutta med lagsmeisterskap. Andreas Solvik vart vinnar av lagskytinga på miniatyrbana.

Markane arrangerte ope stemne på den nye miniatyrbana i Hornindal med 145 skyttarar som deltok, noko som er rekord for innandørsstemne i Nordfjord. Stemnet vart vunne av Torstein Tafjord med 245 poeng.

Skytingens dag 2009 vart arrangert med kåring av årets jeger og årets jaktlag. Årets jeger vart i år vunne av Arild Seljeset med 98 poeng føre Sverre Guddal. Årets jaktlag blei Haugen/Langeset med 287 poeng føre Låven med 285 poeng. Vendefigur vart vunne av Vegard Sætren Bøe med 45 poeng føre Håvard Solvik med 43 poeng. Dette er to karar som skyt godt og som vi må prøve å få meir med på konkurransar.

Jegercupen hadde i år 24 deltakarar og 3 klassar. Open klasse vart vunnen av Arild Seljeset med 436 poeng. Klasse A: Bjørn Solvik med 442 poeng, 2 poeng føre sonen Håvard med 240 poeng. Vi må merke oss Tore Saur med 436 poeng.

Klasse B: Gisle Bøe med 415 poeng, 6 poeng føre Rasmus Flore med 409 poeng.

## Olsokstemnet

På tross av lynnedslag i dataanlegg og ekstra utstyr, kom Olsokstemnet i mål også i år. 241 skyttarar deltok på stemnet som vart vunne av Bernt Tore Inderøy med 392 poeng, han vann også Einar Øens minnepremie med 146 poeng. Klasse V55 vann Svein Hoem med 389 poeng. Hyen vann lagskytinga om Olsokpokalen med 426 poeng, føre Engesetdal/Skodje. Ellers kan eg nytte høve til å skryte litt av oss 1. klassingane; Rasmus Flore, Tore

Saur og Kåre R. Haugen blei henholdsvis nr. 1, 5 og 6 på 15 skota. Rasmus Flore vart og nr. 2 på 10 skota med 96 poeng. Vi må merke oss Tore Saur som har kome som ein komet med fleire gode resultat i klasse 1.

## Toyotacupfinale

Ole Arild Aa frå Hyen vann bestemannspremien på Toyotacupfinalen med 345 poeng, som er tangering av finalerekorden. Det var mykje god skyting på finalen og i dei aldersbestemte klassane skaut både Robin Andre Grinde frå Hovdebygda og Ørsta (rekrutt) og Ole Andreas Eide Ljøen frå Sunnylven (eldre rekrutt) fullt hus, 350 poeng. Som einaste deltakar frå Markane Skyttarlag gjorde Andreas Solvik god innsats med ein 2. plass i klasse 4 og 7. plass totalt. Etter stemnet var det premieutdeling med kaffi og kaker til alle frammmøtte.

## Samlagsstemnet

Andreas Solvik stod for ein sterk prestasjon på samlagsmeisterskapen i baneskyting der han vart nr. 2 med 342 poeng, eit poeng bak Ole Arild Aa frå Hyen. Nils Holme Hyen vart nr. 3 med 341 poeng. Markane fekk revansje mot Hyen med å vinne klassepokalen med 710 poeng føre Hyen med 707 poeng. Med på laget var Andreas Solvik, Tore Saur og Rasmus Flore. Martin Lødemel vart nr. 4 i eldre rekrutt.

## Lagsmeisterskap bane

Jarle Tvinnereim vart lagsmeister med 247 poeng, føre Andreas Solvik med 241 poeng. Andreas vann Einar Øens minnepremie med 100 poeng på 10 skota. Av andre resultat kan vi merke oss Jan Åge Langeset med 242 poeng i klasse Aspirant, Martin Lødemel med 345 poeng i Eldre rekrutt, Svein Sindre med 339 poeng i V73 og Tore Saur med 245 poeng i klasse 1.

Heradsstemnet vart i år vunne av Andreas Solvik med 342 poeng. Martin Lødemel vann klasse eldre rekrutt og Rasmus Flore klasse 1.

Av andre resultat kan eg nemne at Jarle Tvinnereim vart samlagsmeister i skogsløp m/skyting og Martin Lødemel sette personleg rekord på landskyttarstemnet med 247 poeng. Eg må og ta med at Jarle vart vald til visepresident i DFS på skyttartinget på Evje.

## Sosialt

I år har bana vore lite utleigd til private arrangement. Det eg kan hugse i farten er fiskedag med Stryn og Hornindal jeger og fisk. Stryn Energi hadde og ei triveleg samling på bana med skyting, hesteskokasting, spørrekonkurranse og andre festlege aktivitetar. Skyttarlaget inviterte til funksjonærfest med grilling, berre 12 personar deltok, men det vart ein triveleg kveld for dei frammmøtte.

Markane 19.10.2009

Rasmus Flore  
-leiar-